

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.10.2016

Ingen saker under Ymse.

OPEN TIME

Orientering om turskiltprosjektet v/ rådgjevar Eirik Knive, seksjon for idrett og friluftsliv, og byfjellsforvaltar Jan Robert Brandsdal, Bergen kommune.

Elisabeth Toft-Erichsen, V, påpekte at det er utfordrande at det i PS 83/16 vert vist til merknadar i eit anna dokument i innstillinga til vedtak. Når ein skal sjå tilbake på saka seinare er det vedtaka som vert lest, ikkje saksutgreiinga, og merknadane bør difor vere i vedtaket.

Fylkesdirektør for opplæring svarte at ein no oftare får ein ferdig mal som ein skal halde seg til og at det då kan verte for omfattande å få alt med i forslag til vedtak. Opplæringsavdelinga vil ta det med seg i det vidare arbeidet.

Tor Andre Ljosland, KrF, spurde om Hordaland fylkeskommune svarar på alle høyringar ein får førespurnad om eller om det er nokon form for utval. I tillegg ønska Ljosland å vite om utvalet får høyringa får Helsedirektoratet «Nasjonal faglig retningslinje for helsestasjons- og skolehelsetjenesten» til politisk handsaming.

Fylkesdirektør for opplæring svarte at det er ein del høyringar som vert retta mot fylkeskommunen som skuleeigar og opplæringsavdelinga har som hovudinnstilling at dei skal svare på alle slike høyringar. Andre førespurnadar kan handle om kartleggingar og der vil ein i større grad svare administrativt. Når ei høyring vert sendt til fylkeskommunen vert den sendt til fylkesrådmannen som distribuerer den til avdelinga som skal handsame den. Når det gjeld høyringar som handlar om folkehelse vil desse handsamast av regionalavdelinga, men den kjem gjerne opp i fleire politiske utval, blant anna utval for opplæring og folkehelse. Fylkesdirektøren reknar med at den nemnte høyringa er av slik art.

Daniel Charles Hextall, SV, stilte spørsmål om bruk av fornybare energikjelder innan yrkesfag. Dette har vore oppe til diskusjon i den tematiske gruppa Energy and Climate change under Nordsjøkommisjonen. Hextall understreker at det kan vere vanskeleg å svare over bordet og vil i så fall sende inn eit skrifteleg svar.

Fylkesdirektør for opplæring svarte at det er rektor på kva skule som kan sette i gang slike prosjekt. Men dersom Hextall kjem med eit konkret spørsmål skal opplæringsavdelinga kome med eit utfyllande svar.

Elisabeth Toft-Erichsen, V, stilte to spørsmål:

1. Er det mogleg å få ein oversikt over skulane og dei oppsparte midlane skulane har?
2. I samband med budsjettet vart det sagt at ein skulle få ei sak om fritt skuleval til politisk handsaming, kva er status her?

Fylkesdirektør for opplæring svarte:

1. Dei oppsparte midlane til skulane har vore til politisk handsaming fleire gongar, og vert på ny framstilt i saka om budsjett for 2017. Opplæringsavdelinga kan sende ut link til førre gong saka var oppe. I samband med nye tal vert det mogleg å få ein oversikt i samband med rekneskapet for 2016 som vert lagt fram i mars. Retningslina er slik at skulane kan spare 5% av revidert budsjett kvart år. Dette kan ikkje akkumulerast.
2. Denne saka er i prosess og kjem opp som politisk sak i neste utvalsmøte, og seinare i fylkestinget i desember.